



Kvinnherad kommune

Pedagogisk psykologisk teneste

Høyringsvar frå Pedagogisk-psykologisk teneste i sak 2020/1228

Levekårsutvalet i Kvinnherad vedtok 03.02.21 i sak 2020/1228-, at planar for; 1. Oppvekstkår – Handlingsdelen, 2. Oppvekstkår – Organisering av barnehagar og skular med forslag til endring av skulekrinsgrenser, og 3. Oppvekstkår – Heildagsskule vert sendt på høyring og lagt ut til avgrensa offentleg ettersyn.

I høyringa vert mellom anna alle som arbeidar med barn og unge i kommunen definert som aktuelle i høyringsprosessen.

I høyringsprosessen ynskjer ein særleg å få tilbakemeldingar på:

1. Innspel til dei ulike konseptane for organisering av barnehagar og skular. Syner med dette til dokumentet «Oppvekstkår 3 -Organisering av barnehagar og skular». Nye forslag til skulekrinsgrenser for barneskular og ungdomsskular ligg i utgreiinga som kart og i lenkje til digitale kart.
2. Innspel til dokumentet «Oppvekstkår 2 -Handlingsdelen» og dei tiltaka som er føreslått for å betra oppvekstkåra og tilboda for barn og unge i kommunen
3. Innspel til dokumentet «Oppvekstkår 4 -Heildagsskule»

PP-tenesta finn i lys av sitt mandat, gjeve i Opplæringslova og i Barnehagelova, det naturleg å uttale seg i denne høyringa:

§ 5-6. Pedagogisk-psykologisk teneste

Kvar kommune og kvar fylkeskommune skal ha ei pedagogisk-psykologisk teneste. Den pedagogisk-psykologiske tenesta i ein kommune kan organiserast i samarbeid med andre kommunar eller med fylkeskommunen.

Tenesta skal hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal sørge for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det. Departementet kan gi forskrifter om dei andre oppgåvene til tenesta.¹

¹ https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61?q=opplæringslova#KAPITTEL_6



Kvinnherad kommune

Pedagogisk psykologisk teneste

§ 33. Pedagogisk-psykologisk teneste

Kommunens pedagogisk-psykologiske teneste er sakkyndig instans i saker om spesialpedagogisk hjelp. Den pedagogisk-psykologiske tenesten skal sørge for at det blir utarbeidet lovpålagte sakkyndige vurderinger.

Den pedagogisk-psykologiske tenesten skal bistå barnehagen i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å tilrettelegge barnehagetilbudet for barn med særlige behov.

Departementet kan gi forskrift om andre oppgaver for den pedagogisk-psykologiske tenesten²

PP-tenesta er gjennom arbeidet i tråd med ovannemnde paragrafane godt kjend med barnehagane og skulane vi har i kommunen. Vi bistår dei i saker som omhandlar organisasjons og kompetanseutvikling, og vi bistår dei i saker som mellom anna gjeld spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning.

Vi kjenner oss difor igjen i dokumenta som omtalar at kvaliteten på tenestetilbodet er varierende mellom dei ulike einingane. Kor stort utbyte eit barn har av opplæringa er avhengig av kor barnet bur i kommunen. Dette finn vi igjen i offentlege tal som syner det store strekket i laget.³ Dette gjeld både på elevundersøkinga og på nasjonale prøvar.

Konsekvensane av å vere heldig/uheldig med kor du er busett i kommunen er store. For PP-tenesta, som har ei hovudoppgåve ovanfor sårbare barn, synes forskjellane å vere uhaldbare. Det finnes mellom anna ei tydeleg samheng mellom resultatane på nasjonale prøvar, avgangresultatane etter 10. trinn og fråfall i vidaregåande: «*En analyse av resultatene på nasjonale prøver på 5. trinn i 2007 og fullførtstatus på Vg1 seks år senere, viser at omtrent en fjerdedel av elevene som presterte på det laveste mestringsnivået i regning på 5. trinn, ikke hadde fullført Vg1 seks år senere.*»⁴ Forsking på fråfall i vidaregåande syner vidare at dei som ikkje fullfører vidaregåande opplæring generelt klarar seg mykje dårlegare enn dei som har fullført. Sannsynet for å vere arbeidsledig, uføretrygda, fengsla eller på sosialhjelp er større for dei som ikkje fullfører.⁵ Frå folkehelseoversikta i Kvinnherad 2015-2019, med mellom anna tala for unge uføre, veit vi at det er fleire områder vi som kommune strevar med. Vi er avhengige av å ha barnehagar og skular med god kvalitet for å sikre ei betre utvikling.

² https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64?q=barnehagelova#KAPITTEL_7

³ <https://skoleporten.udir.no/>

⁴ https://www.udir.no/globalassets/filer/tall-og-forskning/rapporter/utdanningsspeilet_2015.pdf

⁵ https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/grunnskole/frafall/frafall-og-arbeidsmarkedstilknytning_sof.pdf



Kvinnherad kommune

Pedagogisk psykologisk teneste

På grunn av dei store konsekvensane har staten verkemidlar når det vert for store forskjellar internt i ein kommune. Gjennom Statsforvaltaren i det aktuelle fylket kjem ein då inn under Oppfølgingsordninga. «*Oppfølgingsordningen er en ordning for kommuner som over tid ikke oppnår tilfredsstillende resultater på sentrale områder i opplæringen*». ⁶ Kvinnherad kommune er inn under Oppfølgingsordninga.

PP-tenesta har over tid uttrykt uro over dei store skilnadane som barna i kommunen møter i sin skulekvardag. Likeins har PP-tenesta uttrykt uro over manglande spesialpedagogisk kompetanse ovanfor dei barna som treng denne kompetansen mest. Dette ser ut til å bli forsterka gjennom mange små einingar som skapar små profesjonsfellokap. Dette gjer at ein ikkje har den same breidda i kompetansen, og dette vanskeleggjer utvikling. I tillegg synes dette å skape organisasjonar som er sær sårbare ovanfor fråvær, der løysinga ofte vert ufaglærte vikarar. Ved ei strukturendring vil kompetansen i større grad verte samla, det vil skape større profesjonsfellokap og det vil vere mindre sårbare organisasjonar. Gode profesjonsfellokap aukar barna sitt utbytte av opplæringa (Robinson, 2018). Slik ein er organisert per i dag, med mange små einingar, får ikkje alle barna nyttiggjere seg den kompetansen som finnes i kommunen.

Oppvekstsektoren er, og kjem i åra framover, til å vere under eit stort press. Dette kjem mellom anna av at ulike ekspertutval har funne svakheit med utdanningssystem vi har i dag. Rapportane Utan mål og mening⁷, Inkluderende fellesskap for barn og unge⁸, Nye sjanser – bedre læring – kjønnsforskjeller i skoleprestasjoner og utdanningsløp⁹ Ny opplæringslov¹⁰ peikar alle saman på endringar som bør gjerast. Dette kuliminerte i Stortingsmelding 6 (2019-2020). Det er no eit nasjonalt prosjekt at fleire skal lukkast i barnehage, skule og SFO. Meld. St. 6 (2019-2020) peikar på at : «*Vi skal ha en barnehage og skole som gir muligheter for alle barn og unge – uavhengig av sosial, kulturell og språklige bakgrunn, kjønn, kognitive og fysiske forskjeller. Det krever inkluderende fellesskap og tidlig innsats.*»

⁶ <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/lokal-kompetanseutvikling/oppfolgingsordningen/>

⁷ <https://www.barneombudet.no/uploads/documents/Publikasjoner/Fagrappporter/Uten-mal-og-mening.pdf>

⁸ <https://nettsteder.regjeringen.no/inkludering-barn-unge/files/2018/04/INKLUDERENDE-FELLESSKAP-FOR-BARN-OG-UNGE-til-publisering-04.04.18.pdf>

⁹ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2019-3/id2627718/?ch=1>

¹⁰ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2019-23/id2682434/?ch=1>



Kvinnherad kommune

Pedagogisk psykologisk teneste

Frå hausten 2020 vart det innført ny læreplan (forskrift til opplæringslova) i grunnskulen som tar inn over seg endringane. Det vart gjort endringar i barnehagelova frå 2021, og hausten 2022 vil det bli innført ei ny opplæringslov.

I sum utgjer desse endringane at det vert særst vanskeleg å etterleve forskrifter og lovverk med den barnehage- og skulestrukturen vi i kommunen i dag har. Når ståa i tillegg er som den er per i dag med særst store forskjellar i kommunen vert det nærast umogleg. Verst går det truleg ut over barna med særskilde behov som allereie i dag kjenner på dei store skilnadane. Dette er ei gruppe som sjeldan er dei som står øvst på barrikadane og hevdar sin rett.

På bakgrunn av dette kan ikkje PP-tenesta gjer anna i vår høyringsuttale enn å tilrå at ein gjer endringar i barnehage -og skulestrukturen vi har i kommunen.

Med helsing

Vegard Røssland | PPT-leiar

Mobil: +47 47632632

www.kvinnherad.kommune.no |



Tenk miljø før du skriv ut!